

# Denne familien LÆRER NORDMENN HEBRAISK

Familien Meltvik på Karmøy har Israel i blodet. Naturlegvis. Mamma Hemda er fødd og oppvaksen i Israel, eldste dottera Elisabet har gjort aliyah og har budd fire år i strekk i lovnadslandet. Men familien står saman i både sjel og språk.

AV: LARS-TORALF STORSTRAND  
redaksjonen@idag.no

■ Det byrja for ein del år sidan med at Israelsvener kom til Hemda og ville læra seg hebraisk. Det førde til utgjevinga av hebraiskkurset «Hebraisk på eiga hand», seinare har ho og ektemannen Arne gjeve ut oppslagsverk hebraisk-norsk og norsk-hebraisk på forlaget «Jerusalem Forlag», og desutan ei rad andre bøker. Den siste nyvinninga på boktreet er ein lomme-  
parlør med cirka 2000 ord og setningar – ført i pennen av eldstedotter Elisabet (24) og korrekturlest av Hemda og Arne.

–Ei heilt naudsynt bok for den som vil reisa på eiga hand i Israel, seier Hemda, som i stadig aukande grad opplever at mange nettopp reiser til Israel, leiger seg ein bil og køyrer på eiga hand kring om i landet. Då må ein kunna få til nokre setningar – når ein skal kjøpa lechem, chema, chalav, d'vash, anavim, kaffe, glida, sjamenet, etc (brød, smør, melk, honning, druer, kaffe, iskrem, fløyte, etc.) for ikkje å gløyma kjøt (basar), fisk (dag), tomater (agvaniot), ost (gvina)– og anna ein treng for å smørja seg ei enkel matpakke.

–Det var eigentleg mamma sin idé, men eg tykte det var ein god idé, seier Elisabet – som ikkje lærde hebraisk frå mora frå barnsbein av – men frå mora si lærebok – på eiga hand frå ho var femten år gamal.

–Det fanst jo heller ikkje noko slikt på norsk frå før av – berre på engelsk, fortel ho, noko som ikkje alltid er det beste sidan det er mange som slit med engelsk – og som då kan skapa større vanskar sidan ein må overføra ein norsk tanke til engelsk, slå han opp og så finna ut kva for eit hebraisk ord eller omgrep det er snakk om.

## MYKJE ARBEID.

–Det var ein del arbeid å utforma og skriva boka sånn reint pedagogisk og bruksvennleg, fortel Elisabet

*Korleis greip de fatt i arbeidet?*

–Me lot oss først og fremst inspirera av andre parlørar på andre språk, seier Elisabet som sjølv er polyglot, dvs. snakkar fleire enn tre språk. –Eg har eit godt språkøyre, seier 24-åringen som nyss har fullført ein bachelorgrad i statsvitskap i Israel, og som står på kanten på å byrja på mastergraden.

–Ho kan til og med krangla på spansk, og skriv og les arabisk i tillegg til norsk, engelsk, hebraisk og litt tysk.

## FØRSTEGONGSREISANDE

–Elles tok me utgangspunkt i ein person som kjem til Israel for første gong, og som står på flyplassen – og ikkje veit heilt kva han skal spørja om, eller kven han skal spørja.

–Vår lomme-  
parlør har forresten fleire ord og omgrep som er typisk for ein nordmenn å spørja

## ORD OVER ORD

Sjølv om det kan sjå slik ut vaks ikkje idéen om lomme-  
parløren fram som ei ny frukt på det Meltvikske språktreet og Jerusalem Forlag.

–Nei, faktisk ikkje, seier Hemda – men fortel at det blei litt uhandterleg å ta eit oppslagsverk på fem-seks kilo med seg når ein skal reisa til Israel. Fleire av elevane sakna eit hendig hefte som ein kunne ta med seg i lomma når ein skulle reisa.

–Men eg blei ved å utsetja det like mykje, medgjev ho.

–Men når Elisabet kom heim, maste eg på henne om å ta prosjektet på seg. –Dette er noko for deg, sa eg, seier Hemda, som mellom anna har utgjeve Haggadah til påskefeiringa og arbeider med Sidur – bønneboka.

–Me har arbeidd lenge med den, fortel Hemda.

## ORDTILFANG

I motsetning til kva mange trur er det forbløffande få ord som skal til for å kunna føra ein samtale på eit språk.

Hemda stadfester dette og fortel at ho, då byrja å læra norsk for snart ein mannsalder sidan, fekk vita at ein treng kring 700 ord for å klara dette.

–Så når me har 2000 ord/oppslag med i lomme-  
parløren – kan ein komma svært langt med den, fortel ho.

–Lomme-  
parløren er ikkje først og fremst meint for å læra seg hebraisk, men for å kunne klara seg i Israel. Den er jo basert på lydskrift, slik at folk kan lesa og seia «ani åhev ett Israel» – eg elsker Israel, som jo er viktig å kunna seia.

## SPRÅKTRIKS

–Før Hemda skulle læra seg norsk, snakka

me ein del engelsk saman, fortel Arne Meltvik, som sjølv ikkje snakkar hebraisk flytande – men har ein del kunnskap om språket.

–Me brukte jo òg engelsk når me skulle snakka om noko som ungane ikkje skulle høyra, fortel han – men når dei hadde lært engelsk, nytta ikkje det lengre, seier han.

–No har me byrja på å laga ei kokebok med israelsk mat – kosher sjølvsgagt, fortel Hemda.

## BEIT SHALOM ZION

Familien skal elles løpet av august reisa for å tilbringa eitt år i Israel – og driva familiens sitt eige gjestehus i byen Herzliyah, der dei også arrangerer kortkurs i hebraisk – for nordmenn som vil kombinera ferie med å læra språket.



**FAMILIEN MELTVIK:** på Karmøy er ein språkglad familie der mamma Hemda og pappa Arne har utgjeve hebraiskkurs, ordbok, haggadah (påskeliturgi) og som no arbeider med siddur (bonebok) og kosher kokebok, dottera Elisabet har nyss redigert ein lomme-  
parlør for israelsvener som har tenkt seg på tur til lovnadslandet. Frå venstre: Hemda, Arne, Karen (18) og Elisabet (24).

etter – og som ikkje finst i tilsvarende engelske lomme-  
parlørar, skyt mamma Hemda inn. Ho legg vidare til at dei har teke med politiske omgrep, religiøse omgrep, spørsmål relatert til lauvhyttefesten, etc.

–Majoriteten av nordmenn som reiser til Israel er Israelsvener – derfor har vi tenkt nøye gjennom ordvalet som vi har teke med i boka, seier Hemda og understrekar at Elisabet er ein ordensperson – med analytisk hjerne – noko som vil vera tydeleg å sjå for den som tek boka i bruk.

–Dersom du lurar på korleis du skal seia «eg er Israelsvenn» – står det i parløren vår, fortel Elisabet noko som får undertekna til å grubla over om han hugsar korleis det var igjen. Etter litt kluss med chaver og jadid som i og for seg bår tyder ven, fell bitane i puslespelet på plass.